

Baronispelet som musikal i juni 2010

27.01.2009



Det attvalde styret for Baronispelet består av Åse Neset, Per Myklebust (sittende), Kristian Bringedal og Elin Legland (ståande). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med å reisa Baronispelet på nytt går sin gang 17 år etter at det førre spelet vart innstilt etter fem års framsyningar. Målsettinga er at spelet som musikal skal ha 4-6 framsyningar i borggården fra torsdag 24. til sundag 27. juni 2010.

Hanne Bramness har omarbeidd teksten til Lars Amund Vaage og Ketil Bjørnstad er i gang med omarbeiding av musikken.

Det siste som har hendt er at det er halde årsmøte i skulen i Uskedalen, der fire uskedelingar vart attvalde som styre: Elin Legland er leiar, Åse Neset nestleiar, Kristian Bringedal sekretær og Per Myklebust styremedlem. Frå det gamle Baronispelet står det att 70.000 i fondsmidlar medan Hordaland fylkeskommune har gjeve eit tilskot på 30.000 til det nye. Det er no opna for teikning av støttemedlemskap for 100 kroner pr. år.

Det er kontakt med eit nytt institusjonsteater om oppdraget med framføring, men enno føreligg det ikkje noko svar frå dette. Ein ventar på svaret før det blir arbeidd vidare med å finna instruktør. Musikken bør vera ferdigskriven til oktober i år og fondsmidlar vert nytta til det. Når det gjeld øvingslokale blir desse tre lansert: Samfunnshuset i Rosendal, båthallen i Skålafjæro eller skulen på Løfallsstrand.

I statusrapporten heiter det vidare blant anna at det vert arbeidd vidare med tiltak som kan krydra prosjektet, til dømes kulturløype, utstilling, føredrag, aktivitetar og tablå omkring spelet. Det kan også vera aktuelt å gje ut manus i bokform. Baroniet til stå for rigging og set grenser for kva Borggården kan brukast til.

Det var Marit Sofie Lea som i si tid tok initiativet til Baronispelet og mannen hennar, Per Myklebust, har teke initiativet til å reisa det pånytt. I ein erfaringsrapport blir det vist til at deltakarsamansettin var ein fantastisk kombinasjon av barn, unge, vaksne, amatørar og profesjonelle, både nyutdanna og erfarne. Fleire som var med har vald kunst og kulturretta profesjonar seinare, mellom andre Endre Hellestveit.

Også det nye prosjektet vil knyte til seg deltakrar i ulike aldersklassar, både barn, unge og vaksne av begge kjønn. Men som før vil ein satsa på profesjonelle i nøkkelroller både med omsyn til sceneoppsett, musikk og framføring.

Av Ola Matti Mathisen